

Møtedato:	13.02.2023	Møtestad:	Skei
Til stades:	Ca.80		

Møteleiar:	Terje Heggheim
-------------------	----------------

KPA= Kommuneplanen sin arealdel

RA= riksantikvaren

TH= Terje Heggheim

OHS= Odd Harry Strømsli

Velkomen ved ordførar Jenny Følling

Kjekt med so mange som har kome. Interessert i Skei si framtid.

Store ambisjonar for Sunnfjord og Skei. God drive . Skei er eit trafikknutepunkt.

Aktivt jordbruk. Hovudtyngda av jordbruk ligg i Jølster og her vert det produsert mykje fornybar energi. Viktig i dag og i framtida. Astrictunet med hus og hage, besøkssenter under planlegging. Gondolbane oppunder breen vert det også jobba for å etablere.

Krevjande med 4 arealplanar. Denne arealplanen vert ein første generasjonsplan med vedtak i juni. Løyser ikkje alle problem i denne planen. Kan kome med innspel og so får vi sjå kva vi får med oss.

KULA - kva betyr det for oss.

Riksantikvaren (RA) ved Leidulf Mydland og Mari Sandsund

Kva er KULA – kulturhistorisk landskap?

- Eit register over kulturhistorisk verdifulle landskap i landet – ikkje ein verneplan eller regulering
- Eit oppdrag frå Klima- og miljødepartementet
- Ei oppfølging av Europarådets landskapskonvensjon
- Eit verktøy for kommunal planlegging og sektorplanlegging – der kommunane får eit hovudansvar
- Etablert i nært samarbeid med fylkeskommunar og med aktuelle kommunar

Først og fremst oppteken av:

- dei store landskapstrekka
- dei viktigaste strukturane
- den dominante arealbruken

Stikkord

- Ikkje gi motsegn mot KPA.
- Ønskjer å vektlegge dei flotte verdiane som er i Jølster.
- Kula er verktøy og kunnskapsgrunnlag. Aktiv bruk er det beste vernet.
- Kulturlandskap av nasjonal interesse. 21 landskap i Sogn og Fjordane.
- Jølster viktig jordbrukslandschap

- Ikkje sikre alle interessene. Kommunen er den som evt. skal ta det inn i sitt planverk
- Omgjevnadene er i endring
- høyringane er viktige og grensene kan justerast
- ønskjer å sikre dei store strukturane. store landskapstrekka og arealbruken

Sjå vedlagt presentasjon.

Spørsmålsrunde:

Spørsmål Geir Støfring: korleis skal kvar grensesettinga i kartet, kvifor trekt so vidt?

Svar RA: Ønskjer innspel på grensene. Noen øksjer at meir skal takast med, mens andre vil ha mindre are

Spørsmål Einar Gautefall: Glad for slik register som kan hjelpe med planlegginga.

Svar RA: angsten er at staten skal bruke motsegn, men det er ikkje gjort. RA brukte 4 motsegner i heile fjer.

Terje Heggheim: Sunnfjord Kulturmiljøplan på høyring. litt utradisjonelle

Svar RA: Det er kommunen som sjølv skal bestemme kva for kulturminner som skal takast vare på

Spørsmål Oddmund Klakegg: Området er oppdyrka i 1 a 70 og 80 talet. 13 store kraftverk er bygd og fossefall teke vekk. Store driftsbygningar er bygd...

Svar RA: 2000 m² driftsbygningar - gjøre på beste måte. Påverke kor ting er plassert slik at det blir liggande godt i landskapet.

Spørsmål Andre Dvergsdal: Vil Kula vere til hinder for etablering av Gondolbane?

Svar RA: Det er Vestland fylkeskommune som er den som gir innspel og er primærinstans

Spørsmål Steinar Dvergsdal: Kva vil ein bruka dette til?

Svar RA: vi overvåkar ikkje frå Oslo, kommunen og VLFK (vestland fylkeskommune) som gjer planinnspele. Vi kjenner ikkje til eit tilfelle der driftsbygningar ikkje har fått etablere seg. Mange gangar har det påverka til å kome med betre plasseringar av veg og kraftlinjer.

Bjørn Anders Steinsund bør ta inn i arealdelen og sei noko om kva som er unntak. Vi veit ikkje kva som er innanfor og utanfor KULA landskapet. Redd for overformynderiet.

Svar RA: Sjå på ting i samanheng. 6 fylker som er ferdige med kula. Kjenner ikkje til at det er ført til avslag

Geir Støfring: Astrup brukte areala effektivt.

Svar RA: ikkje fryse landskapet. Landskapet skal vere i aktiv bruk og utvikling

Terje Helgheim: lokale krefter har ivaretatt kulturlandskapet i lange tider. Lokale som kan sjå korleis det kan vere.

Rune Hegrenes: erfaring med overformynderi. Må ikkje bli so vanskeleg å få til ting slik at interessa og motivasjonen forsvinner. utvikling er viktig.

Svar RA. Ikkje interessert i detaljer som materialval. RA vil ha at det skal vere ein god utvikling

Pause

Presentasjon av Skei nærmiljøråd ved Elisa Sunde

Mats Dvergsdal, Sivert Dvergsdal, Camilla

Rådet har jobba med:

Mål: Auke bulyst og auka trivsel. Næringsutvikling. Oppgradering av dagsturhytta. Benk og rydding ovanfor Viken 2. Bjørnehiet. Stupetårn. Merking og skilting. Vedlikehald av Kjerringvika. Lys i kommunehuset. Sett på ungdomsklubb –pensjonistane er også interessert der.

Ber om at kommunen kan hjelpe til med : legge tilrette for bruk av kommunalt areal, prosjekt og bistand til søknad, bidra med midlar- fast sum kvart år

Facegruppe som alle bør vere med.

Kommuneplanen sin arealdel

Vigdis Lobenz presenterte prosessen fram til og innhaldet i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Han snakka om kommuneplansystemet og arealstrategien med 12 punkt som er grunnleggande for KPA.

Plan legg opp til folketalsvekst og berekraftig utvikling. Viktige tema i planen er plassering av nye bustadformål. Offentleg og privat tenesteyting, handel og næring. Omsyn til natur, kultur og fulldyrka jord. Korleis skal denne planen følgje opp samfunnssdelen og bidra til å nå FN sine berekraftsmål.

Vi har ikkje fått plass til alt i denne planen, men den skal rullerast og då kan vi vurdere nye innspel.

Det har vore stort engasjement og det kom mange innspel frå Skei ved oppstart av planen. Alle forslaga har vore vurdert og «sila» etter kriteria fastsett av formannskapet. Det som kom gjennom «sila» er konsekvensvurdert (KU) og risiko og sårbarheitsvurdert (ROS).

Plankart og føresegner er juridisk bindande.

Alle kan kome med merknader til planen innan **fristen 28. februar.**

Skjema til merknad finn de her:

<https://skjema.onacos.no/sunnfjord/prod/dialogue/SUN0065/?arkivsak=23/65>

Sjå heile presentasjonen i vedlegget.

Myrvold gard. Feil å snu i saka. Nærings som kom inn i planen, Selde litt innmark og beite til næring. Få tilbake arealet som jordbruk. Skuffa over politikarene. Ber om at arealet skal bli tilbakestilt til LNF. Oppmoding til den vidare prosessen.

Spørsmål Andre Sunde: gondolen kan det gi problem m o t Starsforvalteren

Svar Odd Harry Strømsli (OHS): Planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn snart. Statesforvaltar er ein høyringspart og prosessen vil vise kva dei vil sei.

Spørsmål Bjørn Steinsund: Krav om felles planlegging. Er det krav om det 10.2.

Svar OHS: ein plan gjeld til den vert avløyst. Etter 10 år skal ein spørre om det er ny kunnskap. Det er begynt på områdereg. For Skei. Det er send brev til svv med spm om midlar til planarbeidet.

Bjørn Steinsund: bekymra for at svv ikkje stiller opp

Spørsmål Geir Støfring: omsynssoner for dei store grøne områda. Samfunnsdelen litt tannlaus i forhold til landbruket og kva vi vil. Friluftsinteressene. Støylsområda høyrer til garden.

Svar Terje Heggheim: informerte om landbr konferanse 16. mars

Svar OHS: Det er i KPA set av omsynsone med kjerneområde landbruk. Dette er den beste landbruksjorda.

Spørsmål ??: Er det riktig å forstå at det er satt felles planleggingsone for Skei sentrum.

Svar OHS; Den vil sjå heilskapen betre. Korleis kan vi skjøtte sentrum best mogleg Målet er at det ikkje vert krav om plan for kvar einskild tomt.

Jenny Følling avslutte med å oppsummere møtet. Det er kjekt å høyre på spm og innspel.

Områderegulering viktig for korleis sentrum skal vere.

Næringsplan for landbruk m konferanse 16. mars. Handlar også om rekruttering. Landbruk viktig for kommunen.